

BYKLE VINDU | iSOKiTT®

PRODUSERT I BYKLE SIDAN 1984



TRADISJON &
INNOVASJON

iSOKiTT®

– kombinerer tradisjonar med moderne funksjonalitet



Nyutvikling

I 2008 utvikla me iSOKiTT® for å kunne levere eit vindu med tradisjonell, klassisk utsjånad, som likevel har moderne funksjonalitet. Me kallar det ei nyutvikling av det me i dag kjenner som kobla vindu – men utan ulempene! Me legg stor vekt på detaljar og finish, og kittfalsen som er lagt for hand er vår «signatur». Ein kan få iSOKiTT® i det me kallar «standard» utføring, eller ein kan velje ulike tilval til dømes for ønskt funksjonalitet eller for å tilfredsstille antikvariske krav.

Kvifor velje iSOKiTT®?

- Klassisk, tradisjonell utsjånad med kittfals.
- Funksjonalitet som oppfyller dagens krav til moderne vindu.
- Enklare reinhald og vedlikehald enn kobla vindu.
- Kan leverast i ei rekke ulike variantar, med ulik funksjonalitet.
- Kan nyttast i dei fleste tilfelle der antikvar eller andre set krav til antikvariske vindu.
- Godkjent av Norsk dør- og vinduskontroll (NDVK).



iSOKiTT® med tillegg:
Utforing i full karm-
tykkelse, høg dekor
post og espagnolett
med vridar.

FOTO: PEDER AUSTRUD

«En god bok ved vinduet en lys og stille morgen, mens solen stiger og huset ennå sover, det er den største og fredeligste gleden livet kommer til å gi.»

AXEL SANDEMOSE

På iSOKiTT® er sprosse utvendig festa med kittfals (polymermasse), og det er pålimt sprosse mellom isolerglassa. Innvendig er det heilt glasfelt. Sprosse inkl. kittfals er 22 mm brei. Andre sprosseløysingar er mogleg, til dømes om ein ønskjer sprosser også innvendig. Her vist med 2-lags glas. iSOKiTT® kan også leverast med 3-lags glas.



Kobla vindu

– med lange og gode tradisjonar

Kobla vindu har lange og gode tradisjonar i Noreg. Her får du «ekte sprossevindu» med gjennomgåande srosser i ytre glas/ramme, og enkelt eller dobbelt glas med heil glasflate innvendig i indre ramme.

Dei to vindusrammene er festa med hengsler så ein kan opne for reinhald og vedlikehald mellom rammene.

Kva er forskjellen på kobla vindu og iSOKiTT®?

Kobla vindu



iSOKiTT®

Her med hasper i øvste ramme og espagnolett med vridar i nedre ramme.

Kobla vindu har to rammer som er kopla saman med hengsler i sida. Ytre ramme har gjennomgåande sprosser, og indre har heilt glas. Rammene kan delast så ein kan fjerne støv og skitt som kan legge seg mellom rammene. Her er det altså 4 sider som må reingjerast.

iSOKiTT® blir produsert med faste sprosser og kittfals, utan at dette blir sett i to forskjellige rammer. Innvendig sprosse er festa mellom isolerglasa, så ein får heilt glasfelt på innsida. Det vil seie at vinduet består av éi ramme, og det er berre 2 sider som må reingjerast og vedlikehaldas.

Frå utvendig side ser iSOKiTT® og kobla vindu så å seie identiske ut. Frå innvendig side vil ein sjå litt forskjell på srossene.




Kobla vindu levert
til Siljan Prestegård.
FOTO: STILTRE AS

Standard eller antikvarisk?

Du kan gjerne ta utgangspunkt i vårt «standard» vindu, og byggje på med dei tilvala du ønskjer både på iSOKITT® og kobla vindu. Her ser du ulike løysingar frå utvendig side.

Vindu 1: «Standard»



- (A) Vindu 1: Galvaniserte standard hengsler
Vindu 2: Malte dråpehengsler
- (B) Vindu 1: Har ikkje losholt
Vindu 2: Uttrekt losholt
- (C) Vindu 1: Standard klaring mot midtpost
Vindu 2: Rammer med overfals mot midtpost
- (D) Vindu 1: Standard bunnkarm
Vindu 2: Uttrekt bunnkarm

- (E) Vindu 1: Standard utvendig stormkrok
Vindu 2: Ingen stormkrok (pga uttrekt bunnkarm)
- (F) Vindu 1: Utan hjørnejern
Vindu 2: Malte hjørnejern
- (G) Vindu 1: Standard klaring mellom ramme og bunnkarm
Vindu 2: Lita klaring mellom ramme og bunnkarm
- (H) Uttrekt losholt stoppar midt på karmen, medan uttrekt bunnkarm går heilt ut. Det er mogleg å tilpasse så uttrekt del av bunnkarm fluktar med losholt, eller så også losholt går heilt ut på sidekarm. Må eventuelt spesifiserast.

Vindu 2: «Antikvarisk»



Små detaljar kan gjere stor forskjell

Moglegheitene er mange. Her viser me døme på nokre detaljar og moglege tilval.



Standard elforzinka haspe & konsoll



Dråpehaspe & konsoll i blank krom



Spesial dråpehaspe og konsoll i messing (kun til karm utan profil)



Standard vridar til utadslåande vindu



Vridar med sperreknapp

Dette er berre nokre døme på ulike detaljar. Merk at ikkje alle tilval er mogleg å kombinere.
Meir informasjon finn du på www.byklevindu.no




Malt hjørnejern «sveitser» med rettspora skruar



Malt hjørnejern «sveitser» & dråpe-hengsele «Osloknop»



Malt hjørnejern «rokokko» med rompestol-beslag



Galvaniserte hengsler f.v.: Standard, Hamborg, Osloknop, Norgesknop



Standard losholt og post innvendig.



Post med høg dekor og losholt med låg dekor. Post kan leverast med fleire alternative spesialprofilar.

Ytterdører og balkongdører

Me produserer dører etter spesifikasjon, mål og ønsker fra kunde.



Her er d me p  iSOKiTT  ytterd r med overlys og sp sialsprosser levert til sveitservilla. Vindu har blysprosser i  vre rammer. EKS Design har levert dekor.



Døme på 2-fløya ytterdør av typen Energi Design, med dobbel slaglist og friste fyllingar. **Energi Design** er ein type vindu og dør som liknar iSOKiTT®, men med smalare fuger og som oftast utanpåliggande klipssprosser.



Me kan levere dører med ulike typar fylling. Frå venstre: friste fyllingar, slette fyllingar, spora fylling og spesialfylling med friste vertikale spor.



iSOKITT® levert til ærverdige
Thon Hotel Sandven i Norheimsund

iSOKITT® til
Porsgrunds Porselænsfabrik



Spesialvindu levert til
Drammen Stasjon



Fastkarm i eik til Amerikalinjen.
FOTO: FRANCISCO NOGUEIRA

Bua iSOKITT® til
Foss videregående skole
i Oslo



Kvalitet og kunnskap



Høg kvalitet

Me legg vår ære i å halde høg kvalitet på produkt og finish.

Me nyttar som standard fingerskjøtt malmfuru med høg del kjerneved frå FSC- og/eller PEFC-sertifisert leverandør, og overflateprodukt og fugemasse som bidreg til god beskytting og lang levetid.

Ein ekstra tryggleik får du ved at vindua me produserer er godkjent av Norsk Dør- og Vinduskontroll.

Spør oss!

Det er fort å gå seg vill i detaljar og krav frå antikvar og myndigheiter. Me hjelper deg å finne løysingar så du får ønskt funksjonalitet og uttrykk, samstundes som eventuelle krav frå myndigheiter blir ivareteke.



- ▲ Kittfalsen lagt for hand er vår «signatur».
- ▶ Detalj uttrekt losholt, hjørnejern og rammer med overfals mot post.
- ▶▶ Detalj losholt på innadslåande vindu.



«Bykle Vindu er best i Norge på antikvariske vinduer. Super service og enorm kompetanse!»

CARL MARIUS VÅRDAL EGGE, FORIS (BERGEN)



Stor leveranse av iSOKITT® til Torkvartalet i Kristiansand. FOTO: SINDRE ELLINGSEN
Bilete framside: Innvendig varevindu levert til Amerikalinjen i Oslo. FOTO: FRANCISCO NOGUEIRA
Foto fleire av produktbilete: MARIT KVAALE

ANBEFALT TIL VERNEVERDIGE BYGNINGAR MED ANTIKVARISKE KRAV

«Byantikvaren vurderer at Isokittvinduet, utadslående type uten sprosser, er en kraftig forbedring i forhold til andre isolerglassvinduer Byantikvaren kjenner til. En murgård der eksisterende 2. generasjons vinduer skiftes ut med utadslående Isokittvinduer, vil langt på vei få tilbakeført fasaden sitt opprinnelige arkitektoniske uttrykk mht. vindusutforming.»

BYANTIKNAREN I OSLO ETTER VURDERING AV ISOKITT® I 2009

BYKLE VINDU | iSOKiTT®

Du finn utfyllende informasjon og blogg med nyttige tips på

www.byklevindu.no



KJETSÅ DESIGN • KAI HANSEN TRYKKERI

iSOKiTT® levert til Kiellandbu. FOTO: @ANETTEPAATUR

Bykle Vindu AS
(+47) 37 93 93 00
post@byklevindu.no

Hovudkontor og produksjon
Sarvsnetten 1
4754 Bykle

Avdeling Kirkenær
Solørvegen 1048
2260 Kirkenær